



## Møteprotokoll for Råd for eldre og funksjonshemma

**Møtedato:** 08.11.2016  
**Møtestad:** Konferanserommet  
**Møtetid:** 13:00 - 14:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Geir Lundekvam		Medlem	
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Medlem	Leiar
Sigrun Nesse		Medlem	Deltok over høgtalartelefon

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Oddvin Neset	Assisterande rådmann	Administrasjon	Sekretær

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
001/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2016	Godkjenning av møtebok
003/2016	Orienteringssaker
004/2016	Brøyting til eldre og funksjonshemma

**Notat frå møtet:**

001/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Ingen av deltakarane hadde motteke innkalling som var sendt pr epost.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

002/2016: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

003/2016: Orienteringssaker

Behandling:

Orientering om budsjettmøte som vert halde den 21.november klokka 09.00.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

---

004/2016: Brøyting til eldre og funksjonshemma

Behandling:

Rådet for funksjonshemma drøfta saka. Nina Eidsnes kom med framlegg om 2 tilleggspunkt:

Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting.

Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at den enkelte veit kven ein kan kontakte for brøyteavtale.

Samrøystes tilrådd.

Vedtak:

**Eldre og funksjonshemma kan søkje Modalen kommune om brøytetilskot til privat bustad.**

**Tilskotet er behovsprøvd, og vert gjeve til:**

- Husstandar med eit medlem og brutto inntekt under 3 G
- Husstandar med meir enn eit medlem og brutto inntekt under 4 G

**Storleiken på tilskotet:**

**0-100 meter veg = Inntil kr. 2.000,- pr. vinter**

**Over 100 meter veg = Inntil kr. 3.000,- pr. vinter**

**Dersom fleire husstandar deler på vegen vert tilskotet gjeve forholdsmessig.**

**Kommunen skal syte for at dei som har vedtak frå omsorgstenesta om hjelp i heimen får brøyting**  
**Kommunen skal lage ei oversikt over kven som tek private brøyteoppdrag slik at alle veit kven dei kan kontakte for brøyteavtale**

---